

tane til komande helgs Rosendal kammermusikkfestival er rivne bort, er det framleis mogleg å oppleve flott musikk i bygda. Fredag kveld inviterer nemleg Jazzverket til «kammerjazz» i Nerhuskjellaren.

Jazzverket stiller med sine faste medlemmer: Gopi Stokke, Torkjell Nerhus på piano, og Stein Haugen på trommer.

Uten å bli forstyrra av dei på Christina Dahl, som dei også spelte saman med under Kvinnherad kulturfestival på Husnes i februar 2016.

– Det var ein kjempestress, og for oss var det magisk det som skjedde på Husnes. Ho driv i utgangspunktet med meir moderne musikk enn kva vi gjer, men syntest det var heilt supert å få spela gode, gamle travarar i lag med oss, smiler Stein Haugen.

Tilpassa
No slår altså Jazzverket på

Nerhuskjellaren. Og saksfornisten sa ja takk til førespurnaden på ståande fot.

Arrangementet blir ingen konkurranse til Rosendal kammermusikkfestival, heller eit supplement.

– Vi sa frå til Baroniet om kva vi kunne tenkja oss å gjera og at vi ynskje å kalla det kammerjazz, noko dei hadde ingenting imot. Vi har tilpassa tidspunktet slik at folk kan få med seg konserten vår før dei går på konsert i kyrkja. Dessutan er det jo mykje folk i bygda

Mozart

Jazzverket hadde ei liknande tilskiping i fjor, også då var det lagt opp til å fylla hol i tidskjemaet til kammermusikkfestivalen. I år er Mozart hovudtema på denne festivalet, og det vil også Jazzverket ta omsyn til.

– Han var jo på mange måtar dåtidas improvisasjonsmusikar og nærast ein jazzmusikar. Vi skal leika oss litt over temaet, og har tenkt å spela Mozart sin klarinettkonsert i vår ver-

trammøra våre stannar i toar, sving og balladar.

Skulle været for ein gongs skuld bli fint, så vert det også sett opp stolar ute. I sjølve Nerhuskjellaren er det berre plass til 50 personar.

– Dette skal vi få til og vi skal få publikum med oss. Vi gler oss veldig, lokkar Stein Haugen.

Morten Nygård
morten@gienda.no

Båtbyggjedag på Nerhus

Søndag 20. august vert det båtbyggjedag på Nerhus i Ølve i samband med Kystsogeveke.


Kulturmennda i Ølve bygdelag og Stiftinga Kystsogeveke ønskjer velkomen til skipsbyggjeplassen Øyra for å syna fram gamle verkty, båtmodellar og bilete som fortel om kvardagen til skipsbyggjarane. Smia blir open, saman med saga og skuret som var viktige arbeidshus.

To Nerhus-familiar bygde

fartøy her i tre generasjonar, mellom 1850-1960. Hardangerjakt «Mathilde» vart blant anna bygd på Øyra. Grunn-eigar Lars Nerhus skal halda foredrag om fartøybygginga under arrangementet.

– Borna som kjem får bygga sin eigen båt og tilbod om båtturn på sjøen. Det blir sal av kaffi, vaflar og pølser til grilling på bålet, lovar kulturmennda.

Mari Mehl
mar@gienda.no



Båtbyggjing i Ølve: Fiskebåten «Vikanes» er klar til sjøsetjing frå beddingen på Øyra. (Foto: Privat).